

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

SOS
kirkens-sos.no

Radøy kommune
v/ ordføreren
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Bergen 7.3.2017

SØKNAD OM DRIFTSSTØNAD FOR 2017

Kirkens SOS i Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoedsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Med 100 frivillige og 4,1 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader. Vi har nesten 70 samtaler kvart døgn, heile året. Sjølvmoedstankar er tema i halvparten av chatsamtalene. Det er det også i 38 % av SOS-meldingane og i 2.308 av telefonsamtalene i 2016.

Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Noreg, og er i tillegg store på meldingar og chat via internett. Kirkens SOS i Bjørgvin er eitt av 12 lokale senter i Noreg, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.

- I 2016 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 21.003 telefonsamtaler, 1.441 SOS-chat og 1.184 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får kvart år tilsendt informasjonsmaterieill til elevane. Vi underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS i Bjørgvin har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidlar. Vi har ein krevjande økonomi og reduserte i 2016 staben med ei heil stilling, frå 5,1 til 4,1 stillingar. I 2016 hadde vi eit overskot på grunn av refunderte sjukepengar. Drifta er heilt avhengig av lokale bidrag.

Kirkens SOS i Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Bjørgvin, og vi veit at tenesta redder liv. Vi søker derfor kommunen om ein driftsstønad for 2017 på kr 3,- pr innbyggjar.

Med helsing



Greta Gramstad
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2016, rekneskap for 2016 samt budsjett for 2017